

Dersom staten framleis skal vere med og finansiere trus- og livssynsamfunna over skattesetelen, kan då staten – med tanke på aktuelle konflikhtar i og rundt trussamfunna – også stille krav til dei som mottar denne støtta? Kan staten for eksempel stille krav når det gjeld likestillingspolitikken i trussamfunna?

Religionsdialog og livssynspolitik

AV ODDBJØRN
LEIRVIK

Når røyndommen endrar seg, blir det danna nye ord¹. «Religionsdialog» er framleis eit ganske så nytt ord i Norge og kom først i bruk på 1990-talet. I 1996 gav eg sjølv ut ei bok med tittelen *Religionsdialog på norsk* og eg likar sjølvsagt å tenkje at den var eit lite bidrag til å plante uttrykket «religionsdialog» på norsk jord. Med religionsdialog meiner eg den meir organiserte samtalen mellom trussamfunna. No finst det sjølvsagt også ein meir uformell, men høgst levande samtale mellom folk av ulik tru på kvar-dagsplanet – i nabolaget, på arbeidsplassen, i skulen. Kanskje er det den samtalen som når alt kjem til alt er den viktigaste. Men også denne forma for meir uformell dialog krev at vi har nokre fellesarenaer der vi faktisk møtest på tvers av tru og livssyn. Det har vi i Norge i og med den såkalla «enhetsskolen» som samlar



ODDBJØRN LEIRVIK (f. 1951) er professor i interreligiøse studiar ved Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo. Han har publisert ei rekkje bøker og artiklar om religionsdialog, religionspolitikk, islam og kristen-muslimske relasjonar.

dei aller fleste barn og foreldre i lokalsamfunnet. I dag er ein-skapsskulen under press frå dei som ønskjer ei større privatisering av skulevesenet, noko som – dersom det blir gjennomført i større målestokk – vil kunne underminere ein sentral arena for den offentlege samtalen om tru og livssyn i landet vårt.

EG SKAL KOMME TILBAKE TIL SKULEN som arena for religionsmøte og religionsdialog. Men om ein skal prøve å summere kva ein har oppnådd i den norske religionsdialogen, er det lettast å seie noko om den ordna samtalen mellom *trussamfunna*. Når ein taler om organisert religionsdialog i Norge, er det likevel viktig å hugse at det ikkje berre er religiøse menneske, eller altså trussamfunna, som har gått i samtale med kvarandre. Humanetikarane har nemleg vore aktive deltakarar i religionsdialogen heilt frå starten, som i dei store dialogprosjekta på 1990-talet som Nansenskolen på Lillehammer tok initiativ til. Overskriftene på desse prosjekta var då også allmennmenneskelege: det handla om *Felleskapsetikk i et flerkulturelt Norge*² og *Religion, livssyn og menneskerettigheter i Norge*.³ Derfor er det i norsk samanheng meir korrekt å snakke om «trus- og livssynssamtale», ikkje berre «religionsdialog».

Det første eksemplet på meir organisert livssynssamtale i Norge finn vi også på Nansenskolen, som alt på 1980-talet tok initiativ til såkalla «livssynsseminar». Her fekk representantar for kyrkja og humanetikarane sjansen til å føre ein meir lyttande samtale med kvarandre, etter i fleire tiår å ha behandla kvarandre som motstandarar.

Kvifor fekk Nansenskolen på Lillehammer ei så sentral rolle i trus- og livssynssamtalen på 1980- og 90-talet? Svaret ligg kanskje i det formelle namnet på skulen, nemleg «Norsk Humanistisk Akademi». Alt sidan Nansenskolen vart grunnlagt, har den hatt som mål å sameine religiøs og ikkje-religiøs humanisme. Å ha dialog på eit humanistisk grunnlag, tyder å sette fellesmenneskelege spørsmål i sentrum, i eit felles ønskje om å fremje menneskeverd, likeverd og humanitet.

Men trus- og livssynsdialogen treng ikkje berre gode institusjonelle ramar, slik den fann det på Nansenskolen på 1990-talet. Den er også avhengige av ivrige eldsjeler. Eit godt eksempel er dåverande rektor ved Nansen-

skolen, Inge Eidsvåg, som tok initiativ til Nansenskole-dialogane og i 2013 fekk Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn sin dialogpris.

Religionsdialog

Då den organiserte religionsdialogen (eller livssynsdialogen) tok form på 1990-talet, var det også to meir *politiske* grunnar til at trus- og livssynssamfunna kom i samtale med kvarandre. For det første var det behov for å svare på den konfronterande identitetspolitikken som (både nasjonalt og globalt) utvikla seg på 90-talet. Den nye identitetspolitikken innebar at religiøs identitet meir og meir vart oppfatta som eit skiljemerke, og slik mange såg det, var det no islam som stod fram som Vestens nye fiende etter kommunismens fall. Den folkekjære skodespelaren og rikssynsaren Rolv Wesenlund var ein av dei første her til lands som sette ord på det nye fiendebiletet då han i 1990, på årsmøtet til Sjømannsmisjonen i Bergen, manta til opprusting av skulens kristendomsundervisning og til åndskamp mot islam som ifølgje Wesenlund «slett ikke er en tolerant religion».⁴

Partipolitisk såg vi allereie på slutten av 1980-talet tendensar til at sentrale politikarar på den populistiske høgresida spela ut det anti-islamske kortet under valkampane. På denne utviklinga har dei norske trus- og livssynssamfunna svart ved å bygge fora for tillitsbyggande dialog – slik det skjedde då Kontaktgruppa for Den norske kyrkja og Islamsk Råd var oppretta i 1993. På grunnlag av den tilliten som er etablert, har ein også kunna vise kvarandre solidaritet, slik det skjedde då kyrkjeleiarane i 2006 gav si støtte til muslimane då dei kjende seg såra av dei provoserande Muhammad-karikaturane som danske Jyllands-Posten fekk laga og som skapte ei internasjonal krise.⁵ Her i Norge trykte den kristne avisa Magazinet, som no er fusjonert med Dagen, opp att karikaturane – ikkje berre som ei nyheits-sak slik også andre aviser gjorde, men som (slik redaktør Selbekk uttrykte det) illustrasjon på at «islam er som en religion som ikke er fremmed for å ty til vold».⁶

Her stod med andre ord også kristne mot kristne: på den eine sida ei kristen avis som representerte den konfronterande identitetspolitikken overfor muslimane; på den andre Den norske kyrkja som såg det meir naturleg å ta muslimane i forsvar mot det mange opplevde som eit stadig sterkare medi-epress mot islam og muslimar.

Vi har i det heile sett mange eksempel på at norske kyrkjeleiarar – både på 1990- og 2000-talet – har tatt til motmæle og åtvara mot det dei har kalla «muslimhets og islamofobi» frå islam-kritiske kristne og høgrepopulistiske politikarar.⁷ Dette var orda dei brukte då eit breitt spekter av kyrkjeleiarar (inkludert pinsevenner) tok kraftig til motmæle mot Carl I. Hagen då han i 2004 sette «fredsfyrsten Jesus» opp mot «krigsherren Muhammad» på eit møte i Levende Ord Bergen – og fekk rungande applaus frå den karismatiske forsamlinga.⁸

Det andre politiske bakteppet for den norske religionsdialogen var at det på 1990-talet blei eit sterkare fokus på minoritetane sine rettar i samfunnet. Eit uttrykk for dette var «Aksjon livs- synsfrihet i skolen» som var danna i 1995 som eit kritisk tilsva-
Sterkare mediepress mot islam og muslimar

tilsvar til det annonserte KRL-faget som livssynsminoritetane meinte var for sterkt prega av kristne majoritetsinteresser til å kunne gjerast obligatorisk. Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL, etablert 1996) har sin bakgrunn nettopp i minoritetane sine interesser. Men STL har frå første stund også inkludert Den norske kyrkja, som i lag med frikyrkjene vart invitert inn i eit felles samtale- og samarbeidsforum som minoritetane vel å merke la premissane for. Eit uttrykk for minoritetsprofilen til STL er at ein arbeider etter konsensusprinsippet, noko som inneber at for eksempel Baha'i-samfunnet si stemme veg like tungt som Den norske kyrkja si.

Mykje av arbeidet i STL – som for lengst har blitt eit etablert høyringsorgan for styresmaktene – har handla om å forsvare trus- og livssynssamfunna sine interesser overfor staten. I ein del saker ser ein likevel at det ikkje er alt ein kan bli einige om på tvers av tru og livssyn. Når det for eksempel gjeld omskjering av gutebarn står trussamfunna solidarisk med jødane og muslimane, oppmarsjert mot Human-Etisk Forbund og Barneombodet som har ønskt ei langt strengare lovregulering og helst eit forbod mot omskjering av barn (slik det kom til uttrykk i høyringa om lovregulering av rituell omskjering i 2011).⁹

Det biletet eg har teikna av korleis religionsdialogen byrja her til lands, inneber at først nokre engasjerte aktivistar og deretter det etablerte leiarskapet i trussamfunna, såg at det var heilt *nødvendig* å etablere kontakt med kvarandre – nødvendig for å demme opp for den konfronterande identitets-

politikken, og for å verne om minoritetsinteressene. Det kan leggest til at ein ved sidan av denne «nødvendige» dialogen alt frå 1990-talet også såg mange eksempel på det ein kan kalle ein «spirituell» eller «eksistensiell» dialog.¹⁰ Denne typen dialog finn ein (for eksempel) i kyrkja si samtale med nyreligiøsiteten, eller når kristne og buddhistar utforskar meditasjon saman.

Når det gjeld det eg kallar den nødvendige, altså meir etiske og politiske dialogen, har vi sett at trussamfunna i mange saker (jf. karikaturstriden) har vist solidaritet med kvarandre *som grupper*. Men om religionsdialogen skal kunne endre noko i samfunnet, er det ikkje nok med gruppesolidaritet.

Kristen-muslimske felleserklæringar

Då må også trussamfunna utfordre kvarande til å vise solidaritet med *sårbare enkeltmenneske*. I delar av religionsdialogen på 2000-talet har vi då også sett at dialogen har fått eit sterkare fokus på individet sine rettar, slik at

det ikkje lenger berre er gruppeinteresser som styrer samtalen. Tydelegast har ein sett dette i den nasjonale Kontaktgruppa for Den norske kyrkja og Islamsk Råd, som vart etablert i 1993.

I 2007 kom den kristen-muslimske Kontaktgruppa med ei felleserklæring om retten til å skifte religion,¹¹ følgd av ei ny felleserklæring i 2009 om vald i nære relasjonar.¹² I erklæringa om retten til å skifte religion understrekar Islamsk Råd og Den norske kyrkja i fellesskap «at alle fritt skal kunne velge sin tro». Saman tar dei «avstand fra og ønsker å motvirke vold, diskriminering og trakassering som følge av at mennesker ønsker å konvertere eller har konvertert fra en religion til en annen, enten det skjer i Norge eller i utlandet.» I felleserklæringa om vald i nære relasjonar rettar ein søkelyset mot «trusler, frihetsberøvelse, krenkelse av integritet, fysiske angrep, seksuell trakassering og drap» og karakteriserer alt dette som brutale brot både på «fundamentale menneskerettigheter» og «våre religiøse læresetninger». Saman oppmodar ein eigne trussamfunn, politikarar og «den norske allmennheten» til å ta vald mot kvinner og barn på alvor, og markere nulltoleranse mot slike overgrep.

I begge desse felleserklæringane er det det sårbare individet som står i sentrum. Bak felleserklæringane ligg det også ei erkjenning av at eins eiga religiøse gruppe somme tider kan truge integriteten til enkeltmennesket – ved å straffe dei som skiftar tru eller stillteiande akseptere (i verste fall, legitimere) vald mot jenter og kvinner.

Felleserklæringa om retten til å skifte religion er nok den mest kontroversielle, og det har i etterkant vist seg at nok ikkje alle moskeane går god for denne felleserklæringa.¹³ På den andre sida har Kirkelig dialogsentar i Bergen gått saman med Bergen Moské om å lage eit undervisningsopplegg om dialog og trusfridom for asylsøkarar i Hordaland, og slik vore med på å sette felleserklæringa om trusskifte ut i livet.¹⁴

I 2011 kom så den kristen-muslimske Kontaktgruppa med ei felleserklæring mot religiøs ekstremisme, der norske kristne og muslimar oppmodar alle om å vere på vakt overfor dei minste teikn på ekstreme haldningar.¹⁵ Her åtvarar ein ikkje berre mot hatefull tale mot annleis truande – haldningar som i verste fall kan slå ut i valdshandlingar – men ser også kvinnefiendtlige haldningar som eit teikn på ekstremistisk tankegang.

I 2006 fekk vi også eit sterkt uttrykk for muslimsk solidaritet med jødane då imamen i den største norsk-pakistanske moskeen gjekk på solidaritetsbesøk i synagoga, etter at det hadde blitt losna skot mot det jødiske gudshuset.¹⁶ Det høyrer dessverre med til historia at den same imamen nokre år seinare kom med ytringar om jødane som «urolige folk i verden» med stor makt over media.¹⁷ På den andre sida gav ei gruppe unge muslimar eit sterkt uttrykk for solidaritet med den jødiske minoriteten då dei i februar 2015, etter terroråta mot jødar i Paris og København, slo ein «fredsring» rundt synagoga i Oslo.¹⁸

Når det gjeld jødisk solidaritet med muslimane, kunne vi i september 2014 lese at ein «Jødisk leder tar avstand frå muslimdemonisering».¹⁹ I den påfølgjande debatten minte Ervin Kohn om at den kristne antisemittismen framleis er eit større problem i Europa enn dei anti-jødiske haldningar som ein unekteleg også finn i mange muslimske miljø.²⁰

Livssynspolitikk

Kva rolle har så styresmaktene spela på det religiøse feltet, i dei siste par tiåra? Kva slags livssynspolitikk ser vi konturane av? Først frå slutten av 1990-talet var det etablert ein direkte kommunikasjon mellom regjeringa og trussamfunna utanom Den norske kyrkja, noko den dåverande Bondevik-regjeringa kan ta mykje av æra for. På 2000-talet har det tilsynelatande utvikla seg ein tverrpolitiske konsensus på livssynspolitikken sitt område. Konsensusen har kome til uttrykk i prinsippet om ein «aktivt støttande reli-

gionspolitikk» som først vart formulert i den kyrkjelege utgreiinga om stat og kyrkje som kom i 2002 (*Samme kirke, ny ordning*). Seinare har prinsippet om ein «aktivt støttande trus- og livssynpolitikk» blitt lagt til grunn både i det statlege Gjønnnesutvalet si utgreiing om stat og kyrkje (2006) og i Stortingsmeldinga frå 2008 som la fundamentet for grunnlovsendingane i 2012 der ein ny § 16 slår fast at Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn skal «bli stødde på lik line».

I stortingsmeldinga taler politikarane om «tro og livssyn som et fellesgode i samfunnet» og set det opp som eit hovudmål for livssynspolitikken

Aktivt støttande religionspolitikk

at «staten skal legge til rette for og bidra til tros- og livssynsmangfoldet i samfunnet, og at staten også, økonomisk og på andre måter, aktivt skal støtte opp om tros- og livssynssamfunnene og deres virksomhet.»²¹

Uttrykket «aktivt støttande religionspolitikk» speglar som vi ser, eit grunnleggande positivt syn på tru og livssyn si byggande rolle i samfunnet og i livet til det enkelte mennesket. Somme tider kan ein få inntrykk av at religion og livssyn blir sett på nærast som eit velferdsgode, slik det kjem til uttrykk i finansieringsordningane som inneber at alle trus- og livssynssamfunn blir støtta økonomisk i samsvar med sine medlemstal.

I dei dokumenta som utfaldar prinsippet om den aktivt støttande politikken, er det til samanlikning lite fokus på konfliktpotensialet i religionane og livssyna. Her ligg det mange uavklarte og høgst kontroversielle spørsmål og lurer: Dersom staten framleis skal vere med og finansiere trus- og livssynssamfunna over skattesetelen, kan då staten – med tanke på aktuelle konflikhtar i og rundt trussamfunna – også stille krav til dei som mottar denne støtta? Kan staten for eksempel stille krav når det gjeld likestillingspolitikken i trussamfunna?

Då det regjeringsoppnemnde Stålsett-utvalet i januar 2013 leverte si innstilling om *Det livssynsåpne samfunn*, med undertittelen «En helhetlig tros- og livssynpolitikk»,²² la fleirtalet i utvalet prinsippet om ein «aktivt støttande» trus- og livssynpolitikk til grunn. Men det er verd å merke seg at eit mindretal i utvalet gjekk inn for eit anna prinsipp, nemleg ein «passivt beskyttande» politikk der trus- og livssynssamfunna i langt større grad er sjølvfinansierte, men også får vere i fred for alle slags inngrep i religionsfridommen frå staten si side.

I det offentlege ordskiftet er det særleg religionshistorikaren Torkel Brekke som i seinare tid har argumentert for ei avvikling av dei noverande støtteordningane, utifrå eit liberalistisk prinsipp om at trussamfunna sjølve må ta ansvar for sin økonomi og ein tilhøyrande tanke om at full religionsfridom, utan offentlig innblanding av noko slag, både er vitaliserande for trussamfunna og godt for storsamfunnet.²³

Prinsippet om ein aktivt støttande religionspolitikk, derimot, er nok meir i slekt med ein sosialdemokratisk tankegang der staten gir støtte til det ein ser som samfunnsgagnlege verksemdar.

Dersom ein går inn for det aktivt støttande prinsippet, som det interessant nok er tverrpolitisk semje om i dag, kjem ein etter mi meining ikkje utanom spørsmålet om det skal kunne stillast krav til dei trussamfunna som mottar slik støtte. I mandatet til Stålsett-utvalet (som var gitt av ei sosialdemokratisk regjering) står det at «staten fortsatt skal føre en aktivt støttende tros- og livssynspolitikk innenfor rammene av sentrale prinsipper i det norske samfunnet som demokrati, rettsstat og menneskerettighetene.»²⁴ Men kva er innanfor eller utanfor desse rammene? I Stålsett-utvalet var ein einige om at det ville vere eit for stort inngrep i trussamfunna sitt indre liv om staten skulle stille som vilkår for å få økonomisk støtte at kvinner og menn hadde lik tilgang til religiøse embete av typen prest og imam. Derimot gjekk eit knapt fleirtal i utvalet inn for at det må kunne stillast som eit krav at kvinner og menn i det minste har lik tilgang til *dei styrande organa* i trussamfunna.²⁵ Dersom dette skulle bli gjennomført, ville særleg Den romersk-katolske kyrkja og kanskje også ein del muslimske trussamfunn, kunne få problem. Eit noko meir radikalt krav (som Stålsett-utvalet ikkje gjekk inn for) ville vere å stille krav om ein viss minsteprosent av kvinner i dei styrande organa. Då ville enda fleire trussamfunn måtte skjerpe seg. Sjølv om Islamsk Råd i ein periode (frå 2000 til 2003) hadde kvinneleg leiar, viste ei undersøking som Vårt Land gjorde i 2010 at berre 3 % av styremedlemmane i norske moskear var kvinner.²⁶

Medan kravet om lik tilgang for kvinner og menn til styrande organ var kontroversielt i Stålsett-utvalet, stod utvalet saman om å markere nokre grenser for kva slags haldningar som er akseptable eller ikkje dersom trussamfunna vil ta imot offentlig støtte. I så fall må dei, seier utvalet, ikkje prøve å hindre at nokon forlét trussamfunnet; ikkje forsvare fysisk straffing av barn;

og ikkje forsvare illegitime valdshaldningar eller «straffereaksjoner som bryter med grunnleggende menneskerettigheter». ²⁷ Med det siste sikta utvalet mellom anna til dødsstraff for homofili, utruskap og fråfall frå religionen. ²⁸

I spørsmålet om omskjering av gutar, derimot, var det igjen usemje i utvalet. Utvalet drøfta den hevdvunne tradisjonen hos jødar og muslimar opp mot prinsippet om å verne interessene til dei svakaste (her, barna). Fleirtalet meinte at omskjering av gutar ikkje skadar barn slik at det må innførast eit forbod, og at omskjeringa (mot ein eigendel) bør kunne gjerast på sjukehus. Eit mindretall, derimot, gjekk inn for forbod mot omskjering av gutabarn. ²⁹

Ikkje forsvare valdshandlingar

Om den noverande regjeringa vil følgje opp noko av det Stålsett-utvalet har foreslått, er uklart. Det er også eit spørsmål om alle trus- og livssynssamfunna vil kunne skrive under på dei vilkåra for støtte som Stålsett-utvalet foreslår. Dei krava ein var einige om, handlar alle om vern av det sårbare enkeltmennesket, sjølv om meiningane kan vere delte om korleis dette vernet skal vegast mot andre omsyn (nærare bestemt, den gruppebaserte religionsfridommen).

Usemja i utvalet tyder på at det er vanskeleg å bli einige om korleis vernet av individet sin integritet, og ikkje minst kvinner og homofile sine rettar, skal balanserast mot trusfridommen, altså den fridommen som trussamfunna må ha til å ordne seg på den måten dei vil – og utan for mykje statleg regulering. Her må vi nok sjå fram mot viktige og vanskelege samtalar, også når det gjeld barn sine rettar der usemja mellom trussamfunna og Human-Etisk Forbund i spørsmålet om omskjering av gutar, er heilt open.

I andre saker er ein tilsynelatande ganske einige, for eksempel når det gjeld å få til ei meir inkluderande sjelesorgteneste på sjukehus, i fengsla, og i Forsvaret. Her ligg Norge langt etter andre europeiske land, og prestar i Den norske kyrkja har framleis noko nær monopol på desse stillingane. Stålsett-utvalet gjekk sterkt inn for ei meir inkluderande sjelesorgteneste. Men gjennomgangstonen i høyringssvara frå Den norske kyrkja var at stillingar som sjukehusimam, humanetiske samtalepartnarar osv. må kome i tillegg til, ikkje i staden for, nokre av dei noverande prestestillingane. Så her er det nok ein viss interessekonflikt mellom majoritetskyrkja og minoritetane.

Når ein snakkar om majoritet og minoritet, er det vanskeleg å ikkje kommentere striden omkring religionsfaget i grunnskulen. Som nemnt var det

planane om eit nytt og utvida kristendomsfag, som det heitte på midten av 1990-talet, som fekk dei religiøse minoritetane og Human-Etisk Forbund til å gå saman om å danne «Aksjon livssynsfrihet i skolen», ein aksjon som altså vart springbrettet til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn. I protest mot å gjere eit sterkt kristendomsdominert fag obligatorisk, førte både Islamsk Råd og Human-Etisk Forbund rettssaker mot staten. Etter å ha tapt i norske rettsinstansar, tok Human-Etisk Forbund saka vidare til den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg, der dei i 2007 fekk medhald. Det var denne dommen som gjorde at Norge i 2008 måtte endre namn på faget frå «Kristendom, religion og livssyn» til det meir nøytrale «Religion, livssyn og etikk» og ta bort den tidlegare regelen i Opplæringslova om at kristendomsdelen i faget skulle vere «minst 55 %».

Sjølv har eg inntrykk av at faget har falle til ro med ein praksis som inneber at kristendomsdelen, på grunn av den sentrale rolla kristendommen har spela i norsk kultur, har størst plass i faget (kanskje frå 30 % og oppover), men ikkje større enn at minoritetane har kunne leve relativt godt med det. Samanlikna med striden på 1990-talet, har det då også i dei seinare åra vore fred om faget. Men i 2014 foreslo altså den sittande regjeringa at K'en skulle takast inn igjen i namnet på faget (som dermed skal heite KRLE, dvs. «Kristendom, religion, livssyn og etikk») og at «om lag halvparten» av faget skal vere kristendomskunnskap.³⁰

Det er ei kjent sak at det var Kristelig Folkeparti som pressa regjeringa til å foreslå desse endringane, som etter mitt syn er uttrykk for ein kristeleg identitetspolitikk som kan truge ein av våre viktigaste dialogarenaer (fellesfaget har jo nettopp vore meint som ein arena for dialogisk læring). Interessant har fleire kyrkjeleiarar åtvare mot desse kristen-politiske endringane, som dei (liksom mange lærarar) er redde for kan sette heile faget si framtid i fare. Så her er det vel å merke ikkje majoritetskyrkja som står mot minoritetane, men dei som meiner seg å representere den kristen-kulturelle majoriteten som utøver si makt. Til forskjell frå dei kristen-kulturelle politikarane, har kyrkja nemleg lært seg til å lytte til minoritetane.

Aktiv støtte – og kritisk dialog

Kva er så utfordringa til samtalen mellom trussamfunna i åra som kjem? Sjølv trur eg at det, med tjue års formalisert religionsdialog og livssynssam-

tale, er lagt eit grunnlag for å kunne samtale også om kontroversielle spørsmål på ein open og vennleg måte. Men det tyder at ein også må kunne våge å utfordre kvarandre. Minoritetssamfunna må kunne utfordre Den norske kyrkja når ho blir altfor majoritetstung i sine standpunkt (for det blir ho ofte, sjølv om ho har blitt meir lydhør for minoritetane når det gjeld religionsundervisninga i skulen). Men Den norske kyrkja må også kunne utfordre minoritetssamfunna – for eksempel når det gjeld forskjellsbehandling av kvinner og homofile. Her har også kyrkja sine utfordringar, men den har likevel, i tråd med den generelle samfunnsutviklinga og etter harde indre stridar, kome ganske langt i sin likestillingspolitikk.

Konservative muslimar må motsett kunne stille spørsmål ved den kristne liberalisering av synet på likekjønna ekteskap. Kristne må kunne utfordre muslimar til å vise solidaritet med sårbare kristne minoritetar i muslimske land, fordi samtalen vår her i Norge ikkje berre handlar om lokale forhold, men også om globale, menneskerettslege prinsipp. Kva med humanetikarane? Ja, dei må både kunne utfordre Den norske kyrkja sine majoritetsposisjonar og ha kritiske syn på spørsmålet om omskjering, utan at det blokkerer samtalen.

Når ein møtest på tvers av trusgrensene, må ein nok innsjå at vi ikkje berre må leve med mange spørsmål, men også med mange og til dels motstridande svar. Men vel å merke: meiningsforskjellane følgjer slett ikkje alltid trus- og livssynsgrensene. For eksempel kan konservative muslimar og konservative kristne finne saman i ein del hjertesaker, medan andre muslimar og andre kristne som har meir liberale syn i spørsmål som har med kjønn og seksualitet å gjere, også kan kome til å danne alliansar med kvarandre – på tvers av trusgrensene.

Det er godt at den norske religionsdialogen har blitt så etablert som den er. Men kanskje treng vi også litt meir frie initiativ – ein litt meir aktivistprega dialog. For eksempel mellom muslimar og kristne når det gjeld likestilling mellom kjønna. Eller kanskje kristne og humanetikarar saman kunne utforske kva det vil seie å vere åndeleg. Om det ikkje er plass til slike samtalar innanfor dei etablerte dialogfora, er det på tide å ta nye initiativ.

- 1 Artikkelen bygger på eit foredrag i regi av Samarbeidsrådet for tros- og livs-synssamfunn, Det felles innvandrerråd i Hordaland og Kirkelig dialogsentor Bergen, 23. oktober 2014. Bearbeidd og oppdatert pr. mars 2015.
- 2 Red. Inge Eidsvåg og Oddbjørn Leirvik, Universitetsforlaget 1993.
- 3 Red. Inge Eidsvåg og Lena Larsen, Universitetsforlaget 1997.
- 4 «Wesenlund maner til åndskamp mot islam.» *Vårt Land* 04.09.2004.
- 5 «Muslimsk-kristen fellesuttalelse» 03.02.06 (<http://folk.uio.no/leirvik/tekster/Fellesuttalelse-karikaturstriden2006.pdf>).
- 6 Vebjørn Selbekk: «Ytringsfrihet truet», *Magazinet* 10.01.2006, s. 2.
- 7 «Kristenledere sammen mot islamofobi og muslimhets», kirken.no 24.09.2004 (http://folk.uio.no/leirvik/tekster/Mot_muslimhets_islamofobi.pdf).
- 8 Carl Ivar Hagen: «Norge er bygget på kristne grunnverdier (utskrift)». Tale på Levende Ords Sommerfestival, Bergen 13. juli 2004, publisert av nettsida *Virk-somme Ord* (<http://virksommeord.uib.no/taler?id=105>).
- 9 «Rituell omskjæring av gutter», human.no, oppdatert 22.01.2015.
- 10 Jf. Oddbjørn Leirvik: *Religionspluralisme. Mangfald, konflikt og dialog i Norge*. Oslo: Pax 2010, s. 60.
- 11 «Muslimer og kristne anerkjenner retten til å skifte religion», kirken.no 22.08.2007 (<http://www.gammel.kirken.no/?event=dolink&famID=17453>).
- 12 «Felles front mot vold i nære relasjoner», kirken.no 09.11.2009 (<http://www.gammel.kirken.no/?event=dolink&FamID=101461>).
- 13 Jf. Olav Elgvin: «Secularists, Democratic Islamists and Utopian Dreamers.» Master's thesis, Department of Political Science, Faculty of Social Sciences, University of Oslo, Fall 2011, s. 42f.
- 14 Hildegunn Isaksen: «Asylmottak» (<http://www.kirkeligdialogsentor.no/bergen/aktiviteter/asylmottak>).
- 15 «Islamsk/kristen fellesuttalelse mot religiøs ekstremisme», kirken.no 22.11.2011 (<http://www.gammel.kirken.no/?event=dolink&famID=223367>).
- 16 «Imam på synagoge-besøk», nrk.no 20.09.2006.
- 17 «– En klassisk antisemittisk konspirasjonsteori», nrk.no 17.01.2013.
- 18 «Unge muslimer vil slå ring rundt synagogen», *Vårt Land* 17.02.2015.
- 19 «Jødisk leder tar avstand fra muslimdemonisering», *Vårt Land* 22.09.2014.

- 20 Ervin Kohn: «Misbruker jødehat i kamp mot muslimer», *Vårt Land* (Verdi-debatt.no) 08.10.2014.
- 21 St.meld. nr. 17 (2007–2008) «Staten og Den norske kirke», s. 18.
- 22 NOU 2013: 1.
- 23 Torkel Brekke: *Frihet og religion*. Oslo: Civita 2010.
- 24 NOU 2013: 1, s. 26.
- 25 NOU 2013: 1, s. 345 og 422.
- 26 «126 moskéer – én kvinnelig leder», *Vårt Land* 20.01.10 (<http://www.vl.no/samfunn/126-moskeer-%C3%A9er-%C3%A9n-kvinnelig-leder-1.75764>).
- 27 NOU 2013: 1, s. 24, 350, 422.
- 28 NOU 2013: 1, s. 348f.
- 29 NOU 2013: 1, s. 246ff.
- 30 Oddbjørn Leirvik: «KRLE – politikk og pedagogikk.» *Kirke og Kultur* 4: 2014, s. 310–312.